

Høringsinnspel til planprogram for Innovasjon og næringsutvikling

Slik me les planprogrammet vil reiseliv vera ein del av regional plan for innovasjon og næring. Reiseliv er ei så kompleks og viktig næring, at å innarbeide denne i innovasjon - og næring vil gjera den for generell og fragmentert. Vidare må det utviklast system som tar heile fylket i bruk, og som fordeler turistane utover fylket. Dette kan gjerast ved å betra infrastrukturen og dermed auke tilgjengelegheita til dei ulike delane av fylket. Til dømes er det stort press i Bergen i høgsesongen; desse turistane kan like godt ha andre regionsenter/større tettstader som td. Odda eller Sogndal som utgangspunkt/base, og ta dagstur til Bergen og andre stader. Reiselivsutviklinga i fylket manglar overordna retningsval. Med dette må det utviklast ein eigen reiselivsplan eller reiselivsstrategi.

Grøn næringsutvikling

- Me treng incentivordningar for å stimulere til innfasing av miljøvenlege driftsmidlar i reiselivet.
- Me treng ei fortsett satsing på miljøvenleg infrastruktur og transportløyningar frå Fylkeskommunen si side
- Det fylkeskommunale verkemiddelapparatet må innrettast meir til omstillingsmidlar av eksisterande reiseliv.

Innovative og inkluderande samfunn

- Velfungerande kollektivtrafikk er viktig for at dei yngste og eldste av oss skal inkluderast i samfunna våre, og sonesystemet me har hatt på buss ei stund no har vore viktig. No treng me fokus på at rutetilbodet forankrast lokalt slik at næringslivet kan ta ut synergjar av eit busstilbod som fylkets konkurransefortrinn.
- Fleire kontorpultar i det fylkeskommunale verkemiddelapparatet må flyttast ut i regionane, og fleire representantar frå distrikta må rekrutterast inn i arbeidsgrupper og komitear.
- Infrastruktur i form av framkomelege vegar er eit viktig rammevilkår for reiselivet i Hardanger. Vintersikre fjellovergangar, og rassikre riks- og fylkesvegar må me aldri slutte å kjempe for saman.
- Hurtigbåten på Hardangerfjorden må ha forutsigbarheit. Det er ynskjeleg med ei heilårsrute i takt med at regionen bygger seg opp på vinterturisme, og eit viktig steg på vegen er meir skuldersesong. Skal reiselivet klare å bygge opp ein marknad må fylket gi oss eit tenleg rutetilbod på Hardangerfjorden.
- Me treng eit effektivt planvelde, og fylkesbyråkratar som forstår kva industri og næringsliv treng, og gjerne desentraliserte byråkratar med kontorplass i regionråda. I vårt tilfelle Hardangerrådet.

Areal til næringsutvikling

- Næringsutvikling bør skje utan nye naturinngrep i verneområde
- Ny næring og industri må utviklast i tråd med FNs bærekraftsmål, og vestlandsnaturen må anerkjennast som den viktigaste råvara til reiselivet.
- Ullensvang Reiseliv har FNs bærekraftsmål 8,9 og 11 som sine primærmål. Dersom Vestlandfylke utviklar reiselivet etter det same måla, vil fleire andre bærekraftsmål kunne innløysast undervegs.

Anna

- Fylkeskommunen må stimulera til organisasjonsdannelse og klyngetenking for næringsgreiner i regionane. Eit incentiv om representasjon i fylkeskommunal arbeidsgrupper for dei som klarer dette kan være ein strategi.
- Me treng at fylkeskommunen prioriterer utdanningsløpa me treng i regionane, for å understøtte dei næringane me satsar på lokalt. Ullensvang Reiseliv ynskjer seg ei høgskulesatsing på reiseliv i vår region, og ei reiselivslinje i den vidaregåande skulen i Odda.

for styret

Lars Inge Thorset
-styreleiar-



Ulsnes Gard 10.03.2021